

**Fra:** Hogne Haugsdal  
**Sendt:** 29. oktober 2014 14:48  
**Til:** LI-Einingsleiarane alle; LI-Rådhuset; Kristin Moe; Eileen M Feste; Ørjan Raknes Forthun; Janne Sund; Ole Georg Hoaas; Helge Erik Tangen; Marit Voltersvik  
**Kopi:** Ståle Juvik Hauge; juvikhauge@gmail.com  
**Emne:** Kartlegging av beredskapsplanar  
**Vedlegg:** Svardokument frå einingar på kartlegging av beredskapsplanar.xlsx  
  
**Viktighet:** Høy

**Til alle med ansvar for beredskapsplanar i Lindås kommune**

(NB! Send vidare til dei som har ansvar om dei ikkje har fått denne e-posten)

Rådmann har sett i verk eit forprosjekt for å kartlegge og systematisera beredskapsplanane i kommunen. Prosjektet skal danne eit grunnlag for vidare arbeid med overordna beredskapsplan. Målet med forprosjektet er å skaffe ein oversikt over eksisterande beredskapsplanar i einingar/avdelingar og eventuelt dokumentere mulige manglar/avvik.

Det er etablert ei prosjektgruppe som skal følgje arbeidet og Ståle Juvik Hauge er prosjektleiar. Planen er å levere ein oversikt til rådmannen innan januar 2015. For å lykkast med prosjektet er det kritisk viktig med god og ærlig tilbakemelding frå organisasjonen om status på beredskapsplanar. Det er lov å seie at ein ikkje har planar eller at dei ikkje er oppdatert. Det viktigaste er å få ein oversikt over situasjonen. Forprosjektet skal berre kartlegge og dokumentere. Prosjektet skal ikkje lukke avvik, lage nye planar eller endre på eksisterande planar. Det vil skje i neste fase.

Det er kritisk viktig at tidsfristar blir halde og at siste versjon av planane blir sendt til prosjektleiar elektronisk. Det er sett kort frist på å levere tilbakemelding, og rådmannen ber om at alle prioritærer dette arbeidet.

**Frist for innsending av planar og svar vert sett til 7. november 2014**

Prosjektet ber om at einingar og avdelingar sender inn dokumentasjon i vedlagt excel-ark.

Beredskapsplanar og utfylt Excel- ark skal sendast til prosjektleiar elektronisk. Send til

[stale.hauge@lindas.kommune.no](mailto:stale.hauge@lindas.kommune.no)

1. Namn på plan
2. Planeigar/ansvarlig
3. Eining som planen sorter under
4. Namn på avdeling
5. Dokument nr/arkiv
6. Når plan vart produsert (dato/årstal).
7. Siste revisjonsdato
8. Er planen godkjent? – politisk, administrativt eller ikkje godkjent
9. Kontaktansvarlig for plan (Namn, tlf og e-post)
10. Plannivå; overordna fleire einingar – einingsnivå – avdelingsnivå - anna?
11. Er planen revidert etter ROS-analysen for Lindås kommune (Overordna ROS-analyse 2011-2012)

12. Har eininga/avdelinga uteståande arbeid med å lukka avvik/manglar/funn i Overordna ROS
13. Oversikt over lov, forskrift, rundskriv eller anna heimel plan stettar seg på
14. Stettar planen sentralt krav til innhald
15. Har planen samanheng med andre regionale/kommunale/private planar (Viss ja, skriv kva plan/aktør det gjeld)

I tillegg vil prosjektet også ha tilbakemelding om eininga/avdelinga har ny beredskapsplanar under utarbeiding.

Spørsmål og kommentarar kan ein ta med prosjektleiar Ståle Hauge på e-post eller på telefon 90654594

Beste helsing  
**Hogne Haugsdal**

Assisterande rådmann

Lindås kommune

Tlf: 99574946/56375133



LINDÅS KOMMUNE